

BARN- konvensjonen

Alle barn har rett til vern mot diskriminering



Alle barn har rett til privatliv



Alle barn har rett til at ingen skadar eller misbrukar dei



Alle barn har rett til å seie meininga si, og den skal bli tatt på alvor

1. Rettane i denne konvensjonen gjeld alle barn og unge under 18 år

2. Alle barn har rett til vern mot **diskriminering**

3. Vaksne skal gjere det som er best for barn

4. Det er **staten** som har ansvaret for desse rettane
5. Foreldre har rett til å gje barn dei råda dei meiner dei treng

6. Alle barn har rett til eit liv og ei framtid

7. Alle barn har rett til eit namn og til å kjenne foreldra sine og få omsorg frå dei

8. Alle barn har rett til å ha eigen identitet

9. Alle barn har rett til å bu saman med foreldra sine med mindre det ikkje er bra for dei

10. Viss barn og foreldre bur i forskjellige land, så har dei rett til kontakt og kan søkje om å bu saman

11. Barn skal ikkje bli **bortførte** til utlandet

12. Alle barn har rett til å seie meininga si, og den skal bli tatt på alvor

13. Alle barn har rett til å få informasjon om det dei lurar på og rett til å gi uttrykk for det dei meiner så lenge dei ikkje bryt andre sine rettar

14. Alle barn har rett til å tenkje og tru på det dei vil. Men, foreldra har rett til å gje dei råd

15. Alle barn har rett til å vere med i organisasjonar og klubbar så lenge dette ikkje bryt med andre sine rettar

16. Alle barn har rett til **privatliv**

17. **Staten** skal syte for at barn får informasjon og underhaldning som ikkje er skadeleg for dei

18. Alle barn har rett til å bli oppdratt av foreldra sine om det er mogleg

19. Alle barn har rett til at ingen skadar eller misbrukar dei

20. Alle barn har rett til hjelp viss dei ikkje kan bu med familien sin

21. Adopsjon skal bare skje til det beste for barnet

22. Barn har rett til ekstra vern viss dei er flyktningar

23. Barn med funksjonsnedsetjingar har same rett til omsorg, skule og utdanning som alle andre

24. Alle barn har rett til eit godt helsetilbod

25. Alle barn har rett til å bli fylgde opp viss dei ikkje bur med familien sin

26. Alle barn har rett til økonomisk hjelp viss dei treng det

27. Alle barn har rett til god nok **levestandard**

28. Alle barn har rett til skule og utdanning

29. Alle barn har rett til ein god skule som gir dei nødvendig kunnskap og utvikling

30. Barn som tilhøyrer ein minoritet eller eit urfolk, har rett til å bruke sitt eige språk og sin kultur, og praktisere religionen sin

31. Alle barn har rett til kvile, fritid og leik, og til å delta i kunst- og kulturliv

32. Arbeid skal ikkje gå ut over skule eller helse

33. Alle barn skal verjast mot narkotika

34. Alle barn skal verjast mot seksuelt misbruk

35. Barn skal ikkje bli selde eller bortførte

36. Alle barn skal alltid verjast mot å bli utnytta

37. Barn skal ikkje straffast på ein måte som skadar dei

38. Barn skal ikkje brukast som barnesoldatar

39. Alle barn har rett til hjelp viss dei har opplevd noko vanskeleg og skadeleg

40. Alle barn har rett til rettferdig behandling viss dei har brote lova

41. Viss nokre lovar er betre for barn enn barnekonvensjonen, så går dei føre

42. **Staten** skal passe på at både barn og vaksne veit om disse rettane

KVA BETYR DET?

Diskriminering: Behandle forskjellig

Staten: Dei som bestemmer i landet **Bortført:** Kidnappa

Privatliv: Du har rett til å vere for deg sjølv og ha tinga dine i fred **Levestandard:** Nok pengar å leve for

WWW

Dette er ein forenkla versjon av barnekonvensjonen. Les heile på www.barneombudet.no/barnekonvensjonen og www.unicef.no/barnekonvensjonen Her finn du også meir informasjon og forslag til oppgåver.

Barneombudet skal passe på at barnekonvensjonen blir fylgd i Noreg. UNICEF arbeidar for at barnekonvensjonen skal bli kjent og fylgd i heile verda.



BARNEOMBUDET

